




Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 125/10 - Kjeilen indre - bruksendring løe - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.05.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføremål LNFR-område og frå krav i TEK for bruksendring av løa til forsamlingslokale. Det skal etablerast tilbygg, fasadeendring, parkeringsplassar i tillegg.



Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.



Det ser ut som deler av dei omsøkte tiltaka allereie er utført. Vi minner om at dispensasjonen skal vurderast utifrå lovleg, juridisk fastsett arealtilstand i området.

Ny bruk av landbruksbygningar som ikkje er nytta til landbruk, kan vere ein positiv ting. Det er likevel viktig at kommunen vurderer om tiltaket kan føre til driftsulemper for landbruket på lengre sikt. Det er også viktig å vurdere verknad for kulturlandskapet.

I denne saka er det ikkje berre søkt om bruksendring, men også søkt om areal for 20 parkeringsplassar. Dei omsøkte parkeringsplassane vil omdisponere overflatedyrka mark og innmarksbeite. Det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Vi er kritisk til omfang og plassering av parkeringsplassane i denne saka.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN